



Referat møte i Team Hardanger 06.02.23, kl 1200 - 1400. Digitalt

Møtte:

Mona Hellesnes, Ulvik herad - leiar

Jan Tjosås, Kvam herad

Randi Rykkje, Ullensvang kommune

Lisbeth B. Celik, Eidfjord kommune

Christel J. Kvamme, Næringshagen i Ullensvang

Sigmund Vereide, Hardanger og Voss Næringshage

Andreas Skogseth, Visit Hardangerfjord

Administrasjon Hardangerrådet: Jostein Eitrheim og Trude Rinaldo

Sakliste

1. Team Hardanger - mandat og mål

Grunnlag for fagleg nettverk mellom kommunane. Dette er eit dokument med gode ambisjonar, openheit, deling og tillit.

Administrasjonen lagar forslag til oppdatert mandat, som vert sendt ut til godkjenning i Team Hardanger, før formell godkjenning i Rådmannsforum og Hardangerrådet.

2. Oppdatering prosjekt: Rekruttering i Hardanger - kva no?

Hardangerrådet hadde to tilbakemeldingar/nye bestillingar til Team Hardanger

- Rådet ønskjer tilbakemelding frå næringslivet i Hardanger på interesse og økonomiske bidrag til prosjektet.
- Rådet ønskjer oversikt over pågåande prosjekt i kommunane og tenkjer på arbeidsbelastning for tilsette med HR ansvar. Kommunane er del i mange prosjekt, og det må avklarast om det er kapasitet til fleire.

Team Hardanger fortset arbeidet, og vil svara ut nye bestillingar så godt det lar seg gjere. Det eksisterande prosjektet i Ullensvang, som har fått fylkeskommunale midlar til eit regionalt prosjekt, vert fyrst drøfta i oppnemnd arbeidsgruppe, med mål om å finna beste veg vidare. Det vil kreva ny aktivitetsplan og finansieringsplan, og det må opp til ny behandling. I denne fasen må det også samordnast med bestilling frå Hardangerrådet.

Argumentasjon frå Jan i Kvam er at at rekruttering er vår viktigaste sak no, både for kommunane, men også næringslivet. Dette prosjektet er bestilt og ønska av alle kommunane, dette må me gjennomføra. Dette treng kommunane.

3. Orientering frå Visit Hardangerfjord på Hardingtinget.

Dersom det fortsatt er ønskje om felles reiselivsstrategi for Hardanger, vil Visit Hardangerfjord søkja om midlar til hovudprosjekt : "Ny reiselivsstrategi for Hardanger". Denne prosessen vil dei eventuelt samkjøra med nytt prosjekt om sertifisering av ordninga "Berekraftig Reisemål" for Hardanger, som ein ikkje kjem utanom lenger. Fyrst må finansiering på plass, så vil dei finna konsulentar som kan gjennomføra prosjekta.

På Hardingtinget vil Visit Hardangerfjord informera om dette, saman med resultat frå forprosjekt, ståstad i dag, og om forventningar til sesongen 2023.

4. Status frå kvar kommune og næringshagane

Næringshagen Hardanger og Voss v/ Sigmund:

- Har fått tilsagn frå Siva i 10 år
- Har fått 1 års tilsagn om 2 millionar frå VLFK til utviklinga av næringshage-samarbeid med Kvinnherad ved los Frode Hetlevik. Målet er å rekruttera 10-15 nye målbedrifter også i Kvinnherad. Det er kort tid til å vise behov og forslag til vidare finansiering, men dei skal få det til.
- Endeleg kursoversikt er snart klar

Næringshagen i Ullensvang v/ Christel:

- Vidareføring av næringshagesamarbeid, som no også vert utvida med Kvinnherad. Dei held på å ansetta folk i Kvinnherad, men allerde tilsette er backup. Må søkja på nytt neste år for vidare finansiering.
- Arbeider med eit interkommunalt prosjekt - finne ut kva næringslivet ønskjer av kompetanse og kva kompetanse er tilgjengeleg.
- Rekrutteringsprosjektet har me prata om.
- Gründerhjelpa - er eit lågterskeltilbud til innvandrarar for å hjelpe dei igang. Tilbyr undervisning/språkopplæring/nettverk mm.

Kvam herad v/ Jan

- Heradet er forespurt om utgreiing av nasjonalpark mellom Voss/Vaksdal/Samnanger og Kvam, omtalt som "Øystesefjella" : gjeld alt over 8-900 moh. i dette fjellplatået.
- Områdeplan for Kvamskogen - ser på nytt snøsikkert annlegg i Byrkjefjell.
- Næringsmøte om energisparetiltak mellom Enova, heradet og innbyggjarar Det kan vera mykje å henta for å redusera straumbruk - noko alle kan ha fokus på.

Ullensvang kommune v/ Randi:

- Kraftindustrikommunar er eit nettverk som arbeider med å synleggjere potensialet for meir fornybar energi, barrierar og behov. Viser kva me står i samfunnsmesig no. God oppgåve i å bygga kunnskap og dela erfaring i "Ny plan for fornybar-energi". Viktig å skaffa til veie det me treng for industrien vår, av kunnskap for å kjempa.
- Tryglavik/biogassanlegg. Her er det detaljplanlegging og å behandla motstand av prosjektet. Arbeider også med å beskriva næringskonseptet til Tryglavik og næringsmessig for å få den opp.

- Hardanger Hydrogen Hub fekk tildelt 76 millionar frå Grøn platform. Prosjektet går litt veien, men det er store og samansette konstelasjonar som tek tid. Men det legg seg til.

Kommentar: Team Hardanger ønskjer å få ein presentasjon om Hardanger Hydrogen Hub og inviterar dei til eit møte. Adm. avtalar

- Reiseliv: Sykkelvegprosjektet over Haukeli har det vore arbeidd med ei stund, og så lagt vekk. Er i ferd med å få det opp på bordet igjen og håpar reiselivet og næringslivet vil gi tilbakemelding på om dette er noko dei ønskjer.

Eidfjord kommune v/ Lisbeth:

- Oppstart Arealplan- veldig dyktige folk, som no er invitert med i arbeid med næringsplan.
 - Har godt med gründerverksemder og søknader til kraftfond.
 - Når ein eksisterande gründer har behov for tilgang på kraft - og den ikkje er der, vert denne kostnaden kasta over på bedrifter og forbrukar. Er dette noko de kjenner til?
- Ønskjer at dette vert sett på dagsordenen på neste møte:

Ulvik herad v/ Mona:

- Den store milepælen om oppkjøp av område i Osa vart signert med Benchmark Genetics Norway AS som skal produsera stamfisk og rogn i Osa. Dette er landbasert, og vil ha ein omfattande produksjon og avlsprogram. Ei realisering vil innebera 25 ansatte og investering på 500 millionar. Målet er så høg kvalitet at rogn også kan eksporterast.
- Det er ansatt direktør i Book Hardanger - Alexander Hillerich

5. Oppdatering møteplan TH 2023

6. Innmeldte saker

Sigmund: Næringshagen informerer om eit nytt prosjekt i dei to næringshagane.

Kunngjeringar:

- Team Hardanger er invitert og oppmoda om å vera med på Hardingtinget 16.02.2023
- Administrasjonen kallar inn arbeidsgruppa til rekrutteringsprosjektet med mål om å formulera utkast til prosjektplan og framdirft.

Referat Trude L. Rinaldo